
Fra: Kjartan Spjeldnes <kjarmy@online.no>
Sendt: torsdag 25. januar 2018 12.19
Til: Postmottak Lindås
Emne: Ansvarleg for fiberutbygging Lindås s- Haukås, Vågseidet

Hei! Har notert meg at Spjeldneset ikkje er med i fiberutbygging denne omgangen, men ynskjer å koma med nokre innspel.

Spjeldnes Grendalag v. Øystein Tyborgnes var i kontakt med BKK-fiber i 2017 vedr utbygging på Spjeldnes, 10-11 husstander. Dette bar ikkje fram, trass i at det bør vera mogleg å plassera trekkerøyr i same kulvert som er bygd til sanitær under brudekke. Før og etter bruva bør alt vera rutine, og kabel kan gravast ned og fordelast som andre stader.

Eit viktig poeng her som ikkje var tatt med då er at Spjeldnes Gard, som Heidi og eg driv, er næring, og har sterkt behov for å få betre digital tilknytning. Me har hatt kundar som har etterspurd, og forventa at me er tilknytta eit raskt nett. Det me har no er for därleg , sjølv i privat bruk. Styrking av digital infrastruktur for næring har Lindås kommune og stadfesta i fråsegna til kommuneplanen sin samfunnssdel i 2017. No er det lagt fiber, nesten bokstavleg talt til Spjeldnesbrua i forrige omgang med fiberutbygging, og no no fortset utbygginga derifra og sørover mot Vågseidet, utan at Spjeldneset er tatt med. For vår drift på Spjeldnes Gard er det viktig at dette vert bygd ut snarast. Me har over åra fått mange trufaste næringskundar som kjem attende, men me opplever no at desse kundane nytta meir og meir av sin kommunikasjon via fibernett på sin arbeidplass. Med vårt "gamle" nett får dei ikkje knytta seg til dette grunna lav kapasitet. Har og vore i kontakt med andre tilbydarar av raskare nett, t.eks 4G, men her er ikkje gode forhold hjå oss.

Vonar på positivt svar

M venleg helsing Kjartan Spjeldnes